

# **Protokoll årsmøte i 4H Sogn og Fjordane**

## **13. februar 2022**

### **Sak 1 Opning**

Møtet starta med ei helsing frå Felleskjøpet v/ Atle Noset, regionssjef

Atle Noset presenterte fylkesstyret si kåring av årets Nordfjordmeister, Sunnfjordmeister, Sognemeister og Årets Klubb 2021.

Nordfjordmeister 2021 vart Eggenipa 4H, Sunnfjordmeister 2021 vart Nausta 4H, og Sognemeister 2021 vart Hafslovatnet 4H.

Troda 4H vart kåra til Årets 4H-klubb 2021, og fekk tinnkrus sponsa av Felleskjøpet. Diplom og premiar vart gitt av fylkesstyreleiar Eirik Hortemo Vikøren.

Atle Noset avslutta med å gratulere meistrane og årets klubb, og gratulerte heile årsmøtet med at landet har opna opp att, og lukke til med komande arrangement. Ordførar Dianne Eikås svarte med at vi gler oss til det komande året, spesielt mtp. 4H-landsleir 2022 som vert arrangert i fylket.

Opning av årsmøtet heldt fram med Dianne Eikås. Varaordførar Eirik Førde vart òg presentert.

Alle reiste seg og sa 4H-lovnaden.

Fylkesstyreleiar Eirik Hortemo Vikøren heldt opningsappell for årsmøtet.

Instruktørane på Styrekurs førre dag fekk merksemd for å halde kurs:

Leiarkurset v/ Tone Margaret Ødegård (ikkje til stades) og Mathilde Tjønneland, Sekretærkurset v/Guro Ø. Henriksbø, Kasserarkurset v/ Inger-Margrethe E. Sørland, Trivselskurset v/ Kristin Eineteig, Ny i klubbstyret-kurset v/ Lene Førde og Ingrid Norddal, Friluftsheltkurset v/ Maria Cecilie Nesheim Årdalsbakke og hovudinstruktørar Ingvill Aarseth og Eirik Førde.

## **Sak 2      Namneoppøp**

Varaordførar Eirik Førde heldt namneoppøp.

36 medlemmer frå 25 4H-klubbar, 1 frå valnemnda, 8 frå fylkesstyret og 3 tilsette. Det var 30 deltakarar med røysterett og 21 observatørar på årsmøtet. 51 deltakarar totalt.

### **Deltakarliste årsmøte i 4H Sogn og Fjordane:**

Delegatliste frå klubbane

Klubbnavn	Fornavn	Etternavn
Bergrosa 4H	Thea Ølnes	Andersen
Blåklokka 4H	Ingvill	Årseth
Blåklokka 4H	Anders	Stadheim
Den Grøne Riddar 4H	Gunvor Marie	Bjørvik
Den Grøne Riddar 4H	Storm	Skilbrei
Eggenipa 4H	Nicolai	Sandnes
Eggenipa 4H	Elena Midtbø	Sæthre
Eikås 4H	Ingrid	Norddal
Eikås 4H	Eskild	Eikås
Fjordlos 4H	Toralf	Menes
Fjordlos 4H	Ingeborg	Menes
Fjærland 4H	Evi Susann	Skeide
Fjærland 4H	Anette	Eineteig
Framsyn 4H	Anna Elisa Oppedal	Iversen
Framsyn 4H	Oline Tefre	Hoff
Fylkesstyret	Mathilde	Tjønneland
Fylkesstyret	Eirik Hortemo	Vlkøren

Fylkesstyret	Camilla	Nesheim
Fylkesstyret	Kristin	Eineteig
Fylkesstyret	Hilde Berit	Hylland
Nausta 4H	Nikoline	Hylland
Nausta 4H	Sunniva	Johannessen
Skogkløver 4H	Trond Arild M.	Austgulen
SOFA	Lene	Førde
SOFA	Guro Ø.	Henriksbø
Standal 4H	Vebjørn	Mjønerud
Troda 4H	Petra-Marie Indredavik	Karstensen
Troda 4H	Maria Cecilie Nesheim	Aardalsbakke
Ørn 4H	Karen Johanne	Gjerdevik
Ørn 4H	Eline Gjerland	Henden

### *Deltakarliste utan stemmerett*

Bergrosa 4H	Ingelin Ølnes	Andersen
Sogn og Fjordane Bygdekvinnelag	Britt Tone	Kvalheim
Organisasjonsrådgjevar	Camilla	Unemo
Organisasjonsrådgjevar	Helene	Lundekvam
Fylkesstyret	Mariann K.	Thorsen
Den Grøne Riddar 4H	Kjellfrid Støylen	Skilbrei
Fjærland 4H	Anja	Mundal
Eikås 4H	Sigrid	Støfringsdal
Eggenipa 4H	Hanne Karin	Sunde
Troda 4H	Jakob Mathias Nesheim	Aardalsbakke
Troda 4H	Saron-Kristoffer Indredavik	Karstensen
Troda 4H	Simon Elias Nesheim	Aardalsbakke
Troda 4H	Sarah-Rebecka Nesheim	Aardalsbakke
Standal 4H	Anita	Sæther
Vestland Bondelag	Nils Magne	Gjengedal
Sogn og Fjordane Hageland	Helen	Haaland
Fjærland 4H	Brita	Supphellen
Organisasjonsrådgjevar	Kari Anne Grimelid	Årset
Ordførar	Dianne	Eikås
Varaordførar	Eirik	Førde
Landsleir 2022	Inger-Margrethe	Ellefs plass Sørland

### **Sak 3 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Ordfører Dianne Eikås orienterte om utsending av innkalling og sakliste.

**Vedtak:** Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **Sak 4 Val av referent og teljekorps**

Varaordfører Eirik Førde la fram forslag til referent.

**Vedtak:** Maria Cecilie Nesheim Aardalsbakke, Troda 4H og Lene Førde, SOFA, vart valt til referentar ved akklamasjon.

Varaordfører Eirik la fram forslag til teljekorps.

**Vedtak:** Jakob Mathias Nesheim Aardalsbakke, Troda 4H, Anja Mundal, Fjærland 4H, Anita Sæter, Standal 4H og Camilla Unemo, organisasjonsrådgjevar, vart valt til teljekorps ved akklamasjon.

### **Sak 5 Val av to til å skrive under protokollen**

Varaordfører Eirik Førde la fram forslag til to til å skrive under protokollen.

**Vedtak:** Karen Johanne Gjerdevik og Anders Stadheim vart valt til å skrive under møteprotokollen ved akklamasjon.

### **Sak 6 Godkjenning av forretningsorden**

Varaordfører Eirik Førde gjekk gjennom og la fram forslag til forretningsorden for årsmøtet.

**Vedtak: Årsmøtet vedtok ordførarbenken sitt framlegg til forretningsorden samrøystes.**

## **Sak 7      Årsmelding 2021**

Årsmelding 2021 vart lagt fram av Mathilde Tjønneland og Ingvill Aarseth på vegne av fylkesstyret.

Innlegg frå Lene Førde, SOFA: ei god årsmelding og imponerande at det har blitt så mykje aktivitet når det har vore eit såpass krevjande Covid-år, alle klubbane har vore kjempeflinke med å danne aktivitet.

**Vedtak: Årsmøtet godkjende årsmeldinga for 2021 samrøystes.**

## **Sak 8      Rekneskap 2021**

Rekneskap 2021 vart lagt fram av Kristin Eineteig på vegne av fylkesstyret. Revisjonsmeldinga frå BDO vart òg lesen opp.

Innlegg frå Inger-Margrethe E. Sørland, Landsleir 2022: Spørsmål om kva prosjektmidlar vart brukt til, ang. prosjektet «4H riggar opp». Kva er «4H riggar opp», og kva er midlane brukt på i denne samanhengen?

Kommentar frå Kristin Eineteig, fylkesstyret: «4H riggar opp» handlar om å rigge opp etter korona, der klubbane kunne sende inn søknad om stønad til aktivitet. Det vart sett av 350.000 som har gått rett ut til klubbane, der nesten alle klubbane som søkte fekk tildelt midlar. Restsummen på omlag 41.000kr gjekk til 4H-landsleir 2022.

**Vedtak: Årsmøtet godkjende rekneskapen for 2021 samrøystes.**

## **Sak 9 Justering av handlingsplanen 2021/2022**

Handlingsplanen 2021/2022 med justeringar vart lagt fram av Camilla Nesheim på vegne av fylkesstyret.

**Vedtak: Årsmøtet tek endring i handlingsplan 2021 og 2022 til orientering.**

## **Sak 10 Årsplan 2022 og 2023**

Årsplan 2022 og 2023 vart lagt fram av Hilde Berit på vegne av fylkesstyret.

Innlegg frå Kristin Eineteig, Fylkesstyret. 2 forslag til endringar i årsplanen:

1. Trivselsagentsamling nr. 1 vil me gjerne halde 11.-13.mars i Fjærland.  
Trivselsagentsamling nr. 2 vil me gjerne halde 20.-22.mai. Dette ynskjer vi fordi det var så mykje usikkerheit rundt covid19 i starten av året.

Med vennleg helsing:

Trivselsagentkoordinatorane Isak Nordgulen (Blåklokka 4H), Sigve Tyssekvam (Von 4H) og Kristin Eineteig (SOFA)

2. Fordi vi startar opp att med nattvolleyballcup i 2022, vil vi føreslå å leggje denne inn i storkurset 1.-3.april, som finn stad på Vassenden.

Med vennleg helsing

Kristin Eineteig (SOFA) og Isak Nordgulen (Blåklokka 4H), hovudarrangørar for nattvolleyballcup

Kommentar frå Kristin Eineteig: Orientering om trivselsagentprosjektet. Bli med! Det er veldig kjekt

Innlegg frå Lene Førde, SOFA: Poengtering om at årsmøtet og julebordet i SOFA er for plakettmottakarar og alumnar, ikkje berre alumnar.

**Vedtak: Årsmøtet godkjente framlegget til årsplan for 2022 og 2023 samrøystes med endringane som kom fram under årsmøtet.**

*Inger-Margrethe E. Sørland, leirsjef for 4H-landsleir 2022, orienterte om landsleiren som vert arrangert 30. juli-6. august 2022 på Norsk Fjordhestgard, Breim. Under orienteringa vart ein promovideo spelt av, og program, aktivitetar og leirkomiteén vart presentert, i tillegg til noko av underhaldninga ein kan vente på kveldstid. Leiravgifta vert 1500kr pr. deltakar, og årsmøtet vart sterkt oppfordra til å melde seg på med ein gong av leirkomiteén.*

*Under orienteringa kom ordførar Dianne Eikås med innlegg om kvar ein kan finne meir informasjon om leiren og aktivitetane. Inger-Margrethe svarte at ein kan oppsøke informasjon på [www.4h.no/landsleir2022](http://www.4h.no/landsleir2022) og på «Landsleir 2022 – Heilt lokalt!» på Facebook.*

*Lene Førde, som er informasjonssjef under landsleiren, kom med saksopplysning om at aktivitetane vil ligge på nettsida innan laurdag 19. februar.*

*Ordførarbordet konkluderte orienteringa med at det blir kjekt å endeleg ha leir att etter to leirlause år, og spesielt kjekt at det vert arrangert i eige fylke.*

## **Sak 11 Fastsetjing av refusjon og godtgjersle til fylkesstyret**

Trond Arild M. Austgulen frå valnemnda la fram framlegg om refusjon og godtgjersle til fylkesstyret.

Forslag til vedtak:

Styremedlem får dekka utgifter til telefon, utskrifter mm. på kr 700,- per år. Styreleiar får dekka telefonkostnader, nettforbinding etc. med kr 3500,- per år.

I tilfelle der styremedlemer utfører arbeidsoppgåver der dei har personlege utlegg eller tapte inntekter kan det verte betalt lønsgodtgjersle på kr 200,- per time. Dette etter førehandsavtale med organisasjonsrådgjevar i kvart einskild tilfelle.

**Vedtak: Årsmøte godkjente vedtaket samrøystes**

## **Sak 12 Revidering av budsjett for 2022**

Framlegg til justert budsjett for 2022 vart lagt fram av Mariann Thorsnes i fylkesstyret.

Innlegg frå Kristin Eineteig, fylkesstyret: Har jobba ein del med budsjettet, men lurar på kva som ligg i det ekstreme hoppet frå 2021 til 2022, frå 2,2mill til nesten 6 mill?

Kommentar frå Eirik Førde, økonomiansvarleg for Landsleir 2022: Landsleiren er grunnen til dette. Landsleir har sitt eige budsjett på omlag 3 millionar, men økonomien går igjennom 4H Sogn og Fjordane.

**Vedtak: Fylkesstyret sitt framlegg til justert budsjett for 2022 vart vedteke samrøystes**

## **Sak 13 Budsjett 2023 og 2024**

Framlegg til budsjett for 2023 og 2024 vart lagt fram av Kristin Eineteig i fylkesstyret.

Innlegg frå Storm Skilbrei, Den Grøne Riddar 4H: Ynskje om fylkesstyret kan lage ein leir for barn som er yngre enn 14 år slik at alle kan få ein slik fin oppleving som leir er tidlegare?

Kommentar frå Kristin Eineteig: i 2023 vert det arrangert fylkesleir att, som er for dei som har fylt 12 år og eldre. På fylkesleiren vert det òg aspirantleir, som



er leir for alle aspirantar. Om ein er yngre enn aspirantaldre og barn av vaksenleiar på leir kan ein òg få vere med på leir, her er det ingen nedre aldersgrense.

**Vedtak: Fylkesstyret sitt framlegg til budsjett for 2023 og 2024 vart vedteke samrøystes.**

## **Sak 14 Vedtektsendringar**

Fylkesstyreleiar Eirik Hortemo Vikøren la fram vedtektsendringane.

Orientering om at det er ikkje mogleg å kome med vedtektsendringar på årsmøtet.

**Vedtak: Årsmøtet godkjenner gjeldande vedtekter samrøystes**

## **Sak 15 Årsmøteuttale**

Varaordførar Eirik Førde la fram framlegg til årsmøteuttale. Årets årsmøteuttale handlar om engasjement rundt 4H-landsleir 2022. Skriven av Eirik Førde, Dianne Eikås og Lene Førde.

Innlegg frå Kristin Eineteig, fylkesstyret: Redaksjonell endring i denne setninga:

«og ikkje minst – på landsleiren får ein møte att **vennane** (venene) sine frå alle stadar i landet, i tillegg til at ein får mange nye **venner** (vener) i løpet av leiren»

Innlegg frå Hanne Karin Sunde, Eggenipa 4H: Kvar vert årsmøteuttalen publisert? Korleis får ein dette ut til dei andre 4H-fylka?

Svar frå Eirik Førde, varaordførar: Takk for godt og viktig spørsmål. Uttalen blir sendt ut til 4H Norge som sender det vidare til alle fylkeslaga. Vert og sendt ut

til lokalavisene rundt omkring. Ein uttale for både 4H-arar og «allmennfolket», som òg vert delt på 4H Sogn og Fjordane og landsleiren sine nettsider.

**Vedtak: Årsmøtet vedtok framlegget til årsmøteuttale samrøystes med endringar.**

## **Sak 16 Tilsetjing av revisor**

Kristin Eineteig frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag om tilsetjing av revisor.

**Vedtak: BDO vart tilsett som revisor for 2022 ved akklamasjon.**

## **Sak 16 Val**

Trond Arild Austgulen frå valnemnda la fram valnemnda sitt forslag.

**Vedtak: Desse vart valde til fylkesstyret 2022:**

**Leiar:** Eirik Hortemo Vikøren, SOFA (Sogndal) Eitt år (attval)

Valt med 30 stemmer, 0 stemmer blank

### **Styremedlem**

#### **Valnemnda føreslår**

**Styremedlem:** Camilla Nesheim, Troda 4H (Bremanger) To år (attval)

Valt med 29 stemmer, 1 stemmer blank

**Styremedlem:** Thea Ølnes Andersen, Bergrosa 4H (Luster) To år (ny)

Valt med 30 stemmer, 0 stemmer blank

**Styremedlem:** Isak Nordgulen, Blåklokka 4H (Sunnfjord) Ikkje på val

**Styremedlem:** Kristin Eineteig, Fjærland 4H (Sogndal) Ikkje på val

**1. vara:** Valnemnda føreslår

Hilde Berit Hylland, Nausta 4H, (Sunnfjord)

Eitt år (attval)

*Valt ved akklamasjon*

**2. vara:** Valnemnda føreslår

Mariann K. Thorsnes, Fjordljøs 4H, (Sogndal)

Eitt år (attval)

*Valt ved akklamasjon*

**3. vara:** Valnemnda føreslår

Nicolai Sandnes, Eggenipa 4H (Breim)

Eitt år (ny)

*Valt ved akklamasjon*

**Val av utsendingar til 4H Norge sitt landsmøte:**

Ingvill Årseth, Blåklokka 4H (Sunnfjord)

Maria Cecilie Nesheim Aardalsbakke, Troda 4H (Nordfjord)

Mariann Kvalheim Thorsnes, Fjordljøs 4H (Sogn)

Nicolai Sandnes, Eggenipa 4H (Nordfjord)

**Vararepresentantar:**

Ingrid Norddal, Eikås 4H (Sunnfjord)

Camilla Nesheim, Troda 4H (Nordfjord)

Kjellfrid Støylen Skilbrei, Den Grøne Riddar 4H, foreslo Gunvor Marie Bjørvik frå Den Grøne Riddar 4H til vararepresentant.

Varaordførar Eirik Førde foreslo om årsmøtet ikkje finn ein fjerde kandidat, får fylkesstyret fullmakt til å finne ein fjerde vararepresentant innan dei første 2 styremøta etter årsmøtet.

Inger-Margrethe E. Sørland, Landsleir 2022, foreslo Hanne Karin Sunde, Eggenipa 4H, som vararepresentant.

**Vedtak:** Ingvill Årseth, Maria Cecilie Nesheim Aardalsbakke, Mariann Kvalheim Thorsnes og Nicolai Sandnes vart vald til utsendingar for 4H Sogn og Fjordane, med Ingrid Norddal, Camilla Nesheim, Gunvor Marie Bjørvik og Hanne Karin Sunde som vararepresentantar. Alle vart vald inn ved akklamasjon.

**Ordførar:** Dianne Eikås, Trekløveret 4H (Stad) Eitt år (attval)  
*Valt med akklamasjon*

**Varaordførar:** Eirik Førde, SOFA (Gloppen) Eitt år (attval)  
*Valt med akklamasjon*

### **Valnemnd:**

**Vald i 2021:** Marita Holen Leirdal, Sogn (IKKJE PÅ VAL)  
Vara: Therese Bøthun (IKKJE PÅ VAL)

**Vald i 2022:** Kåre Olav Gjesdal, Sunnfjord To år  
Vara: Ingrid Norddal, Sunnfjord To år

**Vald i 2022:** Tone Margaret Ødegård, Nordfjord To år  
Vara: Petra-Marie Indredavik Karstensen, Nordfjord To år

Leiar i valnemnda: Tone Margaret Ødegård

Forslag til vedtak: valnemnda vert valt inn på årsmøtet.

**Vedtak: valnemnda vert valt inn på årsmøtet ved akklamasjon.**

*Medan stemmene vart talde, vart det ymse helsingar og orienteringar:*

- *Helsing frå Vestland Bondelag v/ Nils Magne Gjengedal. Vestland Bondelag støttar styrekurs i 4H Sogn og Fjordane med 5000kr.*
- *Kristin Eineteig orienterte om trivselsagentprosjektet.*

- *Kristin Eineteig orienterte om Storkurs, som vert arrangert 1.-3. april på Vassenden, Jølster.*

*Dianne Eikås takka valnemnda for god innsats*

## **Sak 18      Avslutning**

Ordfører Dianne Eikås takkar alle for oppmøte, både medlemmer, utsendingar frå andre organisasjonar og fylkesstyret.

Avslutning v/ nyvald leiar Eirik (Førde) Hortemo Vikøren

Eirik takka avtroppande styremedlem Mathilde Tjønneland og Ingvill Aarseth for sin innsats i fylkesstyret.

Årsmøtet vart avslutta med oppfordring til å melde seg på landsleir med ein gong påmeldinga opnar!

*Dianne Eikås*

Dianne Eikås (Aug 10, 2022 13:16 GMT+2)

Dianne Eikås

Ordfører

*Lene Førde*

Lene Førde (Aug 10, 2022 15:38 GMT+2)

Lene Førde

referent

*KJB*

Karen Johanne Henden Gjerdevik (Aug 11, 2022 21:45 GMT+2)

Underskrivar

*Anders*

Anders (Aug 11, 2022 23:31 GMT+2)

Underskrivar












# protokoll\_4hsf\_årsmøte2022

Final Audit Report

2022-08-11

Created:	2022-06-27
By:	Synnøve Jørgensen (synnove.jorgensen@4h.no)
Status:	Signed
Transaction ID:	CBJCHBCAABAAEYXkUcPg5bQVJITZDV-HbSW7fSjLCBsh

## "protokoll\_4hsf\_årsmøte2022" History


-  Document created by Synnøve Jørgensen (synnove.jorgensen@4h.no)  
2022-06-27 - 7:29:55 AM GMT- IP address: 79.160.121.110
-  Document emailed to diannjor@online.no for signature  
2022-06-27 - 7:30:37 AM GMT
-  Email viewed by diannjor@online.no  
2022-07-19 - 8:44:15 AM GMT- IP address: 89.20.241.83
-  New document URL requested by diannjor@online.no  
2022-07-19 - 8:44:25 AM GMT- IP address: 89.20.241.83
-  Email viewed by diannjor@online.no  
2022-08-10 - 11:06:41 AM GMT- IP address: 89.20.241.83
-  Signer diannjor@online.no entered name at signing as Dianne Eikås  
2022-08-10 - 11:16:36 AM GMT- IP address: 89.20.241.83
-  Document e-signed by Dianne Eikås (diannjor@online.no)  
Signature Date: 2022-08-10 - 11:16:37 AM GMT - Time Source: server- IP address: 89.20.241.83
-  Document emailed to lene.forde@hotmail.com for signature  
2022-08-10 - 11:16:39 AM GMT
-  Email viewed by lene.forde@hotmail.com  
2022-08-10 - 1:35:45 PM GMT- IP address: 77.18.54.20
-  Signer lene.forde@hotmail.com entered name at signing as Lene Førde  
2022-08-10 - 1:38:02 PM GMT- IP address: 77.18.54.20
-  Document e-signed by Lene Førde (lene.forde@hotmail.com)  
Signature Date: 2022-08-10 - 1:38:03 PM GMT - Time Source: server- IP address: 77.18.54.20

 Document emailed to karenjohannehg@gmail.com for signature


2022-08-10 - 1:38:05 PM GMT

 Email viewed by karenjohannehg@gmail.com


2022-08-10 - 2:17:23 PM GMT- IP address: 66.102.9.189

 Signer karenjohannehg@gmail.com entered name at signing as Karen Johanne Henden Gjerdevik

2022-08-11 - 7:45:03 PM GMT- IP address: 88.90.247.27

 Document e-signed by Karen Johanne Henden Gjerdevik (karenjohannehg@gmail.com)

Signature Date: 2022-08-11 - 7:45:04 PM GMT - Time Source: server- IP address: 88.90.247.27

 Document emailed to stadheimanders@gmail.com for signature

2022-08-11 - 7:45:06 PM GMT

 Email viewed by stadheimanders@gmail.com

2022-08-11 - 9:30:20 PM GMT- IP address: 66.102.9.185

 Signer stadheimanders@gmail.com entered name at signing as Anders

2022-08-11 - 9:31:49 PM GMT- IP address: 89.20.226.44

 Document e-signed by Anders (stadheimanders@gmail.com)

Signature Date: 2022-08-11 - 9:31:51 PM GMT - Time Source: server- IP address: 89.20.226.44

 Agreement completed.

2022-08-11 - 9:31:51 PM GMT